

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Stein Kittelsen
Arkivsaksnr.: 18/1743 - 18

Arkiv: 145

Planlagt behandling:

Formannskapet
Kommunestyret

BUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019 - 2022

Saksgang:

Økonomiutvalet har i møtet 12. november 2018 sak 8/18 gitt tilråding til formannskapet i budsjett 2019 og økonomiplan for perioden 2019 - 2022. Tilrådinga er publisert på kommunen si nettside, og sendt på intern høyring med frist for uttale 22. november 2018.

Handlingsplanen blir lagt ut til offentlig høyring i samsvar med kommuneloven §§ 44 og 45 frå 28. november til 12. desember.

Kommunestyret skal behandle budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022, i møte den 17. desember 2018.

Forslag til betalingssatsar går fram av vedlegg og kommentarar. Desse vert vedtekne som ein del av budsjettsaka så sant ikkje særskilde forhold tilseier at det vert eigne saksframlegg.

Lønsreservane og nokre av pensjonspostane er budsjettert som fellespostar i skjema 1A. Rådmannen ber om fullmakt til å fordela desse på rammene i samsvar med resultata av lønsforhandlingane og endringar frå pensjonsleverandørane i samsvar med tidlegare praksis. Avvik i forhold til samla budsjett vert rapportert.

Rådmannen ber om ei ny fullmakt til å kunne omdisponera budsjettmiddel mellom tenesteområda og sentraladministrasjonen når desse har stabs- og administrative funksjonar. Formålet er raskare og enklare tilpassingar i stab- og administrasjon på tvers av tenesteområda og sentraladministrasjon i samband med innsparing og omstilling av desse funksjonane.

Vedlegg:

- Økonomiutvalet sitt forslag til budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022 er tilrettelagt for nettleasing og er tilgjengeleg på kommunen sin nettstad under meny punkt "Økonomi", og på direkte link:

<https://www.klepp.kommune.no/planer-og-rapporter/budsjett-og-okonomiplan-2019-2022/>

Planen på nettsida vil bli oppdatert i samsvar med tilrådinga frå formannskapet og vedtak i kommunestyret eit par dagar etter at vedtaka er fatta.

- Økonomiutvalet sak 8/18
- Innkomne uttalar vert publisert som vedlegg til saka når høyringsfristen er ute.

TILRÅDING frå økonomiutvalet til formannskapet:

1. A. Forslag til budsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2022 i skjema 1A, 1B, 2A,

og 2B vert godkjent.

- B. Nettoramme for kvart rammeområde for 2019 vert lagt til grunn i utarbeidinga av rammene for 2020.
- 2. Forskottsskatt og forskotstrekk på formue og inntekt vert rekna etter dei maksimale satsar Stortinget vedtek for 2019.
- 3. A. Til finansiering av investeringar i 2019 vert det godkjent eit samla låneopptak på kr 119 472 000,- som fordeler seg slik:
 - 1. Ordinære investeringar kr 94 472 000,-
 - 2. Lån til vidare utlån frå Husbanken (Startlån) kr 25 000 000,-
- B. Nedbetalingstid på nye lån 2019-2022, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskride 30 år.
Nedbetalingstid på lån i Husbanken skal ikkje overskride 25 år.
- C. Låneopptaka vert gjort i samsvar med retningslinjer og innanfor fullmakter i gjeldande finansreglement.
- D. I medhald av forskrift om startlån frå Husbanken krev Klepp kommune inn eit administrasjonsgebyr på 0,25 % pr. utlån.
- 4. A. Framlegg til mål for tenestane 2019 vert godkjent.
- B. Under område økonomi vert lagt til grunn følgjande mål – i % av driftsinntektene:
 - 1. Netto driftsresultat i % av driftsinntektene: > 1,5 %
 - 2. Lånefinansiering i % av finansieringsbehov < 70 %
 - 3. Disposisjonsfond i % av driftsinntektene > 5 %
 - 4. Netto lånegjeld (langsiktig gjeld – utlån - ubrukte lån) i < 60 % av driftsinntektene
- 5. Kommunale avgifter/gebyr og betalingssatsar vert vedtatt i samsvar med vedlegg.
- 6. Rådmannen får fullmakter til å:
 - 1. fordele lønnsreservane i skjema 1A til sentraladministrasjonen og tenesteområda i skjema 1B i samsvar med resultat av lønnsforhandlingane.
 - 2. omdisponera årsverk mellom tenesteområda og sentraladministrasjonen i skjema 2B når desse har stabs- og administrative funksjonar. Slike endringar skal rapporterast i tertialrapporten.
 - 3. flytte mellom investeringsprosjekt i 2B når desse er av teknisk art og gjeld fordeling av fellesbudsjetterte middel til delprosjekt.

Rådmannen i Klepp 15.11.2018

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.